

HØRINGSNOTAT

SAK KDD 23 / 304

Høring - Forslag frå Kommunal - og Distriktsdepartementet og Olje - og Energidepartementet til endringer i energiloven og plan - og bygningsloven knyttet til vindkraft på land.

Høringsnotatet kjem frå 14 grunneigere i 6727 Bremanger Kommune, som har kjempa mot utbygging på sine eigendomer i 16 år og der saka no ligg for behandling i OED.

Navneliste til slutt i høringsnotatet.

Viser til høringsforslaget, der vi vil komme med ein del bemerkninger.

Departementet foreslår ein del endringer i energiloven og plan- og bygningsloven, basert på lover som skal gjelde for etablering av vindkraftanlegg.

Forslaget skal etter sigende styrke kommunenes rolle i planlegging og utbygging av vindkraft på land. Målet er også å effektivisere og ressursbesparande prosesser som bidrar til å redusere konfliktnivået.

Vi vil påstå at ved å studert dette høringsforslaget, at forslaget langt ifrå forsterker kommunene sin muligheter til stor bestemmelsesrett i utbygging av vindkraft på land.

Eksempel på dette er eit av punkta med områderegulering.

Dette vil vi ta fram eksempel på i følgende avsnitt.

Departementet skriv - sitat :

Områdereguleringen kan imidlertid også inneholde planbestemmelser om synlighet av turbiner fra bestemte kartfestede områder, maksimal høyde på turbinene, inngrepsfri områder og andre overordnende krav når kommunen mener at dette er relevant for spørsmålet om hvorvidt etablering av et vindkraftanlegg er akseptabelt for kommunen. Forutsetningene som følger av områdereguleringen, skal vere konkret angitt gjennom plankart og planbestemmelser, slik at det er lett å vurdere om et konsesjonssøkt anlegg er i samsvar med det som er fortsatt i områdereguleringen.

Sitat slutt.

Men i neste avsnitt står det følgende - sitat :

Detaljert utforming av vindkraftanlegget skal skje i konsesjon og etterfølgende MTA- og detaljplan etter energiloven. Plassering av internveier, turbinpunkter, maksimal installert effekt samlet og pr turbin, antall og dimensjoner på turbiner og andre detaljer er ikke å anse som «overordnede arealmessige forutsetninger» og behandles derfor i konsesjonen og ikke i områdereguleringen.

Sitat slutt.

Her får kommunene beskjed om at de kan sette konkrete føringer og begrensinger, mens de i neste avsnitt får fortalt at de har ingen innflytelse på utbyggingen.

Konklusjonen for dette vil vere at er området regulert til vindkraft, er det NVE og utbygger som bestemmer korleis dette skal bli. Kommuner vil ha fraskrevet seg alle muligheter til å påvirke alle detaljer i utforming av anlegget.

Videre kan vi også notere følgende - sitat :

Private utbyggere skal ha en rett til å fremme forslag til områderegulering og få kommunenes behandling av og standpunkt til forslaget. Kommunen kan ikkje pålegge tiltakshaver å utarbeide privat forslag til detaljregulering.

Med dette forslaget vil ikke eventuell manglende kommunal plankapasitet, ressurser eller prioritering kunne hindre eller vesentleg forsinke gjennomføringen av vindkraftprosjekter.

Sitat slutt.

Videre leser vi - sitat :

Departementene mener det er ønskelig å gi konsesjonsmyndighetene - NVE - mulighet til å overta enkelte oppgaver i planprosessen frå kommunen. Dette gjelder muligheten til å sende planforslag på høring og legge ut til offentlig ettersyn.

Forslaget begrunnes med at forsyningsikkerhet for kraft er en nasjonal interesse og at manglende ressurser og kompetanse hos kommuner ikke bør vere til hinder for effektive planprosesser for å legge til rette for utbygging av vindkraft.

Sitat slutt.

Kommunenes innflytelse og handlingsrom vil bli redusert. Har ikkje kommuner ressurser, kompetanse og manglende kommunal plankapasitet, vil NVE overta alt som har med gjennomføring av desse sakene.

Dette kan og medføre at kommuner som er i dag imot vindkraftutbygging i sin kommune, men sit med ein eldre reguleringsplan der vindkraftverk er innregulert, kunne oppleve å få et vindkraftanlegg mot sin vilje.

Kommunen vil då vere fritatt muligheita til å endre reguleringsplanen sjølv om det forelegg eit fleirtallsvedtak mot vindkraft i kommunen.

Departementet foreslår også å løfte behandlingen av klage på vedtak om områderegulering for vindkraft til same forvaltningsnivå som klager på konsesjonsvedtak. Det betyr i praksis at klagebehandlingen løftes frå statsforvalteren til Kommunal - og Distrikts departementet.

Statsforvaltaren har i dei fleste vindkraftutbygginger kommt med til dels skarp kritikk av utbyggingsplaner, vektlagt med naturødeleggelse og for store konsekvenser for dyr og fugl, samt hensyn til bosetning i nærheita av aktuell utbyggingsområde.

Vi vil tolke dette framlegget som eit forsøk på å «hoppe over» ein «brysom saksbehandlar» i denne forvaltninga og få ein lettare veg i saksbehandlingene.

Det siktes også til endringer i EUs fornybardirektiv, der desse direktivene har som mål å opne for eit hurtigløp til utbygging.

Der vil konsesjonsbehandling og detaljplanlegging bli utført av NVE og utbygger.

Kommune og involverte beboere, samt andre lokale interesser vil bli reduserte til ein høyringsinstans, uten reell innflytelse på detaljplaner.

Forslaget som er sendt til høring om endringer i energiloven og plan - og bygningsloven, er eit «dårlig kamouflert» forsøk på å fråta kommuner og lokale interesser muligheiter for å påvirke bygging av vindkraftverk.

Det er ikkje eit forsøk på å styrke kommuners innflytelse og medbestemmelse ved utbygging av vindkraftverk på land.

Konklusjonen på dette høyringsnotatet, er at dette høyringsforslaget er eit grovt angrep mot lokaldemokratiet.

6727 Bremanger 27.02.2023

For grunneigere på Svarstad, Varpe, Klungreset og Oldeide i Bremanger Kommune.

Ivar Rune Varpe

Impliserte grunneigere :

Bjørn Fossheim

Elias Svarstad

Kurt Svarstad

Ivar Rune Varpe

Arve Solbakken - Anita Solbakken Nygård

Helge Nesbakk

Roald Klungreset

Asbjørn Torvanger

Jørgen Nigardsøy

Oddfrid Varpe

Magne Aas

Øystein Varpe
Norvall Klungresæter
Gerd Oldeide

Sendt fra min iPad